



Kursavtale med leverandører om fagleg oppdatering

Sentralstyret i NNH har i sak 29/09 gjort vedtak om regler for kursavtale med leverandører om fagleg oppdatering. Administrasjonen, eventuelt i samarbeid med aktuelle faggrupper, har fått godkjenningsmandat. Om eit informasjon/fagmøte/seminar blir godkjent, gjeld fylgjande rettar og plikter:

Avtalen gjeld kurs:

Dato:.....

1. NNH forpliktar seg til å publisera informasjon om kurset/seminaret på NNH sin kurskalender på www.nnh.no samt dele oppføring/informasjon på NNH si medlemsgruppe på Facebook.
2. Innhaldet på informasjon/fagmøtene/seminar må ikkje einseitig vera produktretta, men også ha vesentleg innslag av generell naturmedisinsk kunnskapsformidling og forskning.
3. Leverandørane skal avsetja tid for NNH- informasjon på kurset/seminaret.
4. NNH blir tildelt kostnadsfri standplass og får høve til å dela ut informasjon om organisasjonen. Kursarrangør skal kontakta NNH i god tid før kurset for å avtala detaljar med tanke på stand, utdeling av info mv. I NNH sitt fråvær, pliktar arrangøren å dela ut tilsendt NNH-informasjon eller på annan måte gjera den synleg for deltakarane.
5. Leverandørane skal i si marknadsføring formidla at fagmøtet er godkjent som fagleg oppdatering i NNH. Deltakarane har krav på kursbevis med nemning av fagemne, foredragshaldar, timetal, dato og liknande.
6. Dersom kurset ikkje er gratis, pliktar arrangøren/leverandøren å gje.....% rabatt til NNH medlemmer.
7. Administrasjonen får fullmakt til å forhandla vedrørande dekking/fordeling av kostnader i samband med møta.

Oslo /